

Møtereferat

Dato: 15.05.2015

Emne:	Referat frå møte med organisasjonane 13.05.2015 vedkomande Lokale forhandlingar 2015		
Til stades:	Arbeidstakarorganisasjonane, personaldirektør Geir Davidsen, seniorrådgivar Karstein Oen, forhandlingssjef Johan J. Meyer, Leiar Servicesenter Løn May Einarsen, rådgiver Linn Bødtker		
Forfall:	Charlotte Espeland, Forskerforbundet, Sølve Sondbø, Naturviterne/koordinator Akademikerne, Vibeke Lokøy, Tekna, Dagfinn Brekke, Norsk Psykologforening, Rolf Solheim, Econa, Sigrid Bjercke, AFAG	Sak: 2015/5085-1	
Møtetid:	Kl. 14.15 – 15.00	Møtestad: møterom Sunnhordland	

Møteleiar: Geir Davidsen, personaldirektør**Referent:** Karstein Oen, seniorrådgivar**Tema:** Lokale lønsforhandlingar 2015, kap. 3 og kap. 5.2. Iverksetting av oppgjeret kap. 4

Personaldirektør Geir Davidsen orienterte. Den økonomiske ramma for oppgjeret i kap. 4 i år er på 3,2 %. Følgjande element inngår i ramma;

Overheng	1,90 %
Anslag lønsglidning	0,20 %
Sentrale tillegg pr. 1.5	0,96 %
<u>20 års garantien</u>	<u>0,15 %</u>
Årslønnsvekst 2014 -2015	3,20 %

Dei reelle tillegg i kap. 4 (0,96 % og 0,15 %) utgjer **1,67 %** omrekna til datotillegg pr. 1.mai 2015. Årslønnsvekstramma som er framforhandla for kap. 4 i tariffperioden er eit nyttig utgangspunkt for utrekning av økonomisk ramme for kap. 5.2 og kap. 3.4.

Tall frå Det Tekniske Bereknings- og Statistikkutvalet (TBSK) viser at det har vore ein betre lønsvekst i kap. 3 og 5 enn kap. 4 dei seinare åra. På bakgrunn av dette har partane sentralt vedteke følgjande tariffpolitisk føresetnad:

«Partene forutsetter at de lokale parter gjennomfører lokale forhandlinger i henhold til HTA kap. 3.4 og 5.2 innenfor en økonomisk ramme som tar hensyn til kommuneøkonomien, kommunen/fylkeskommunen/bedriftens totale situasjon samt resultatene i KS-området og andre sammenlignbare tariffområder. Partene legger til grunn at det over tid må være en balanse i lønnsveksten mellom de ulike lønnskapitlene i HTA.»

Personaldirektøren la fram tal over faktisk overheng i HFK for 2015

Overheng kap. 5.2: 1.68 %

Overheng kap. 3: 1,90 %

Noko av forklaringa på det relativt store overhenget i kap. 3 har m.a. samanheng med streiken i 2014 som medførte eit seinare verknadstidspunkt (1.9) for leiarar organisert i Utdanningsforbundet, Lektorlaget, SL og MFO. I tillegg var lønstillegga noko over ramma for kap. 3.4.2 (4,37 % for kap. 3.4.2 mot 4,25 % i kap. 5.2).

Ramme kap. 5.2

Legg ein til grunn ein årslønsvekst på 3,2 % og gjer fråtrekk for faktisk overheng og anslag lønsglidning (0,2 %) vil vi få eit datotillegg pr. 1.5.2015 på **1,98 %** (3.2 % – 1,68 % – 0,2 % x 12/8).

Ramme kap. 3.4

Legg ein til grunn ein årslønsvekst på 3,2 % og gjer fråtrekk for faktisk overheng og anslag lønsglidning (0,2 %) vil vi få eit datotillegg pr. 1.5.2015 på **1,65 %** (3.2 % – 1,90 % – 0,2 % x 12/8).

Personaldirektøren sa at han vil gå til fylkesrådmannen og be om ei økonomisk ramme/datotillegg på 2 % pr. 1.5.2015 for kap. 3 og kap. 5. Ein føresetnad for ei slik ramme er at organisasjonane går med på at tillegget vert gitt som eit flatt tillegg. Ein slepp då heile prosessen med forhandlingar osv. Og tillegget kan kanskje bli utbetalt allereie i juni.

Dersom organisasjonane ikkje ønskjer dette vil personaldirektøren forhandle innafor tilnærma faktisk ramme for dei to kapitla (1,98 % i kap. 5 og 1.65 % i kap. 3). Det vil då bli lagt ut 1 % i førstetilbod og resten på reelle forhandlingar.

Det vert sett av to dagar til forhandlingar; 8. og 9. juni 2015.

Organisasjonane har frist til **Onsdag 20. mai** med å melda tilbake til personaldirektøren om kva løysing dei føretrekkjer vedkomande lønsoppgjeret 2015 for kap. 3 og kap. 5.

Kap. 4

Ved hovudoppgjeret i 2014 vart partane sentralt – KS og hovudsamanslutningane – einige om sentrale lønstillegg gjeldande frå 1.5.2015 for arbeidstakarar som er løna etter hovudtariffavtalen kap. 4. Det vart teke atterhald om justering pr. 1.5.2015 dersom den økonomiske situasjonen tilsa det. Partane vart den 30. april 2015 einige om at det ikkje vert gitt nye lønstillegg ut over det som partane forhandla fram i fjor. Dei sentrale tillegg går fram av tabellen nedanfor.

Sentrale lønstillegg pr. 1.5.2015

	0 år	2 år	4 år	6 år	8 år	10 år	
Stillingsgruppe							
Stillinger uten særskilt krav om utdanning	1 000,-	6 500,-	4 200,-	7 200,-	300,-	500,-	
Fagarbeiderstillinger / tilsvarende fagarbeiderstillinger	2 700,-	9 100,-	10 000,-	13 500,-	16 000,-	6 800,-	
Stillinger med krav om høyskoleutdanning	3 000,-	10 400,-	9 400,-	13 100,-	16 100,-	6 900,-	
Stillinger med krav om høyskoleutdanning med ytterligere spesialutdanning	2 500,-	10 300,-	9 600,-	13 900,-	16 300,-	12 400,-	
Stillinger med krav om mastergrad	4 500,-	12 900,-	6 800,-	15 200,-	8 400,-	8 700,-	
	0 år	2 år	4 år	6 år	8 år	10 år	16 år
Stillingsgruppe							
Lærer	4 000,-	11 500,-	6 500,-	11 500,-	9 400,-	8 100,-	5 300,-
Adjunkt	5 000,-	13 400,-	7 500,-	13 100,-	10 200,-	10 000,-	6 700,-
Adjunkt (m/ tilleggsutd.)	5 700,-	14 700,-	8 700,-	12 800,-	9 400,-	10 700,-	7 400,-
Lektor	6 200,-	15 600,-	11 400,-	16 100,-	13 600,-	10 400,-	8 500,-
Lektor (m/ tilleggsutd.)	6 500,-	16 200,-	9 600,-	14 200,-	8 400,-	10 700,-	9 100,-

Det vises til HTA vedlegg 1 for oversikt over stillingskoder og stillingsgrupper.

Som det går fram av tabellen er retninga på oppgjeret denne gongen at det er gitt meir til dei som ikkje har full lønsansiennitet. Vidare er ansiennitetsstigen endra frå 0-4-8-10/16 år til 0-2-4-6-8-10/16 år. Resultatet kap. 4 skal til godkjenning hos alle partar. Frist 1.juni. KS har uttala at kommunane bør vente med iverksetjing av oppgjeret i kap. 4 til godkjenning ligg føre. I fall det vert sett i verk før må ein ta atterhald.

Saka vart drøfta. Organisasjonane er einig med personaldirektøren i at HFK iverkset oppgjeret i kap. 4 med utbetaling på juniløna. Organisasjonane er og positive til at HFK utbetaler tillegg til st. kode 795400 Fagleiar og 795401 Elevinspektør som i utgangspunktet ikke er gitt noko tillegg sentralt pr. 1.5.2015. Det same gjeld for st. kode 7003 Arbeidsleiar. Denne følgjer ansiennitetsstigen og dei opprykk som er gitt der. Stigen for IKT-konsulentar vert justert med 2 % pr. 1.5.2015.